

## Høy Halldis Moren Vesaas sine dikt i Amfisalen

► **SØNDAG** ettermiddag kan du høyra Halldis Moren Vesaas sine dikt få tonefølge av komponisten og songaren Amund Enger. Med seg til Amfisalen har han Carl Øyvind Apeland, Helge Lilletvedt og Elisabeth Moberg.

Amund Enger treffe den kjende diktaren første gangen i 1975 då han besøkte henne heime på garden i Vinje. Då hadde han sett

melodi til eitt av dikta hennar, «Voggesong for ein bytting», som han framførte for henne. Seinare har han teke føre seg av Moren Vesaas sitt fantastiske univers, og i oktober kjem hans musikalske tolkingar av utvalde Moren Vesaas-dikt, heiter det i ei lita pressemeding som er sendt ut frå Moster Amfi.

**PRESSEFOTO**



**STÅANDE APPLAUS:** Alle biletta vart utselde til premierens første visning av filmen «Åretak» i Langevåg Bygdatun sist laurdag. Etterpå fekk produsentane ståande applaus. Fremst på scenen står Marius Glærum og Krister Vold som har fått blomar av ordfører og Langevåg Utvikling.

# Skikkelege åretak til ære for heimbygda

Marius Glærum og Krister Vold gjorde ære på heimbygda Langevåg med nokre skikkelege lokalhistoriske «Åretak», som var tittelen på filmen som hadde premiere sist laurdag.

– Dette er den aller første skikkelege filmen me har laga. Me ville bidra med denne filmen for å setja fokus på historia til heimbygda. sa Marius Glærum og Krister Vold på filmpremieren i Langevåg Bygdatun. Dei har begge vanlege jobbar utanfor Bømlo. Men dei har film som hobbyprosjekt.

Den rauda løparen var rulla ut framfor døra inn til kafeen og folk hadde kledd seg flott for anledningen. Høgtidsstemninga var til å ta og føle på. Dette var ein stor dag for bygdefolket og billettene var utselde til premierens første visning. Filmen skulle visast to gonger den same kvelden.

### Morosam og folkeleg

Filmen «Åretak» var særskilt godt laga av to ungdommar som har lagt mykje arbeid bak prosjektet sitt. Det er ein kunst i seg sjølv

å laga ein faktafilm på ein måte som gjer at folk heng med heile vegen og sit godt fast i stolane sine. Dette klarte dei to ferske filmskaparane utmerkt.

Temaet «Åretak» vart godt gjenspegla gjennom historie og bilete. Det heile starta med havet og med viktige grønsteinsfunn og fortsette med historier om fiske og korleis Eidesvikverksemada starta opp. Me fekk sjå gamle bilet og filmar frå ulike arkiv. Personane i filmen var godt kjende og hadde mykje å fortelja. Publikum sette pris på historiene, og fleire kjende seg nok att.

### Eigen song til filmen

Til slutt i filmen vart det sett fokus på dei utfordringane bygda har i dag for å utvikla seg vidare. Her kom temaet grønstein opp att på nytt, men i ei anna setting.

Me fekk også sjå film frå eit svært og imponerande dugnadsarbeid som bygda sette i gong ved Bygdetunet i fjor. Det vart kalla for «Camp Kåso» og varte ei heil sommarveke, der folk til og med brukte av sine ferieveker til ein stor og rørande innsats for heimbygda. Det var filming der ifrå som dannar starten for det vidare arbeidet som enda med dette flotte, lokalhistoriske dokumentet som «Åretak» vart.

Både unge og gamle hadde møtt for å sjå «Åretak».

Då filmen var slutt, sat folk

tolmodig og venta til rulleteksten var ferdig. Underveis i rulleteksten fekk me høyra den flotte songen «Eg savnar sjøen» av June Lodden. Det er ein av filmskaparane Krister Vik som har skrive både tekst og melodi.

### Bør visast på skulane

– Eg synest filmen «Åretak»

var kjempeflott! Eg har jo hørt historia. Men det er sikkert mange yngre som ikkje har fått det med seg. Eg synest denne filmen burde visast på alle skulane på Bømlo og elles i Sunnhordland, gjerne også på TV! Filmen var godt samansett frå starten av. Heilt frå funnet av grønstein, sa Gunnar Strand

som er pensjonert fiskar og stilte i dress i høve premieren, som så mange andre.

– Folk vart overveld av filmen. Den unike historia og berre opplysningsa om verdien av Sokkamyro og historia frå fiskarane var interessant. Flott musikk var det også, sa Henning Tveit, leiar i Langevåg Utvikling. Han fortel at Langevåg Utvikling vil visa filmen fleire gonger framover. To gonger til på Langevåg Bygdatun og på Senioruniversitetet. Han bil og bli vist i Haugesund i filmlokala til Rica Maritim Hotell.

– Så får me sjå vidare kven flere som vil sjå filmen, sa Henning Tveit.

### Takka for opplevinga

– Tusen takk for ei flott oppleveling, og for ein kvalitet, sa ordførar Odd Harald Hovland etter at filmen var vist første gong.

– Me treng dei gode historiene og dei har de samla. Tusen takk og gratulerer med dagen alle saman i bygda, avslutta ordføraren og blomar vart delte ut til dei to ferske filmskaparane. Konferansier på filmframstillinga var Johnny Olson, tidlegare leiar i Langevåg Utvikling.



**EI FLOTT GÅVE TIL HEIMBYGDA:** Marius Glærum og Krister Vold har laga ei flott gåve til heimbygda Langevåg med filmen «Åretak» som hadde premiere sist laurdag i Langevåg Bygdatun.

### Grethe Kjøsnes

grethe.kjøsnes@bomlo-nytt.no